



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 11.06.2026

Vår ref.: 202317822-21 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om bygging av nye Dyrstad kraftverk i Bremanger kommune, Vestland fylke

NVE har fått ein søknad frå Dyrstad kraftverk AS om løyve etter vassressurslova til å auke utnyttinga av vassressursane i Dyrstadelva gjennom bygging av nye Dyrstad kraftverk.

Søknaden har vore på høyring, men på grunn av ei inkurie vart ikkje alle høyringspartar inkluderte i første høyringsbrev. Søknaden blir difor no sendt ut på nytt til dei som ikkje fekk ho då, med ny høyringsfrist.

Kva blir det søkt om?

NVE har fått søknad frå Dyrstad Kraft AS, datert 13.11.2023 og oppdatert 27.05.2026, om løyve etter vassressurslova til bygging av nye Dyrstad kraftverk i Bremanger kommune. Tiltaket omfattar ei oppgradering og utviding av eksisterande anlegg, med nytt inntak i Ytre Stølsvatnet på kote 321,6 og ny kraftstasjon ved fjorden på kote 4. Kraftverket vil utvide fallhøgda frå 268 til 318 meter. Vassvegen vil bestå av ny og eksisterande røyrgate med samla lengde om lag 1500 meter, samt overføring av eit delfelt via røyr. Det nye kraftverket auke den installert effekten frå 1 MW til 4,3 MW, og produksjonen vil auke frå 4,6 GWh/år til 10,2 GWh/år. Aukinga svarar til straumbruken til om lag 280 husstandar. Søknaden med vedlegg er tilgjengeleg på NVE si nettside:

<http://www.nve.no/9179/v>. Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8.

Informasjon om saksbehandlinga finn du på NVE si nettside: <https://www.nve.no/saksgang-vannressursloven>.

Kva ønskjer vi fråsegn om?

NVE ønskjer å få inn synspunkt på planane som er presenterte i søknaden. NVE ønskjer konkrete synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Vi ønskjer også grunngitte forslag til mildnande tiltak som kan redusere eventuelle ulemper ved gjennomføringa av prosjektet. I tillegg ber vi om eventuelle kommentarar til om søknaden gir tilstrekkelege opplysningar om verknadene av tiltaket. Alle som har meiningar om saka, kan sende inn ei fråsegn.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/9179/v)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn og saksnummer 202317822» i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn og saksnummer 202317822» i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er **13.08.2026**

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Er høyringsfråsegna lang, oppmodar NVE høyringspartane til sjølv å skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Hans Kristian Bugge Tørset

Avdelingsingeniør

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

Kystverket
STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Kopimottakarliste:

NORSK VANNKRAFT AS